



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Tingvoll kommune

Dato: 17. jan. 2022

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

HØYRING SØKNAD OPPDRETT AV TORSK I ÅLVUNDFJORDEN

Vi viser til høyring på søknad frå Nordmøre Torsk AS om løyve til å etablere akvakulturanlegg for matfisk av torsk på ny lokalitet Ålvund i Tingvoll kommune med høyringsfrist 6 feb. 2022.

FNF Møre og Romsdal arbeider mellom anna for å bevare norsk natur og dei artar som lever der. Vi er djupt bekymra for oppdrett i sjøen i det heile der dei tamme dyra påverkar dei ville artsfrendane knytt til genetik, sjukdom, livssyklus etc. Norske villaksstammer og norsk lakseoppdrett er noko vi diverre har alt for god kunnskap om knytt til negativ påverknad – vi lurar jo på om norske villaksbestander overlever i det heile. Torsk er ved sida av laks ein norsk signalart som vi er bekymra for vil overleve om ein lar oppdrettsnæringa styre grunnen.

Vi les av søknaden; «*Gadus-gruppen inkludert det heleide datterselskapet Nordmøre Torsk AS etablerer en fullstendig verdikjede for produksjon av premium torsk, med settefiskanlegg, påvekstanlegg, matfiskanlegg i sjø og slakteri/filéproduksjon. Fra oppstart i 2021 vil produksjonen skaleres kraftig opp de kommende årene, og selskapet har behov for flere matfisklokaliteter i sjø. Planlagt produksjon/fôrforbruk per produksjonssyklus er i størrelsesorden 5.200 / 5.800 tonn. De oppgitte tallene i skjemaet er beregnet basert på utsett annet hvert år, slik at produksjon/forfôrbruk per år blir 2.600 / 2.900 tonn. Andre interesser i området er omtalt i dokumentet Søkers KU-vurdering som følger som vedlegg til søknaden, samt eget notat om forholdet til gytefelt.»*

Vidare går det fram i Vurdering av behovet for KU i forbindelse med akvakultursøknad for ny lokalitet Ålvund i Tingvoll kommune;

«3.4 Gytefelt for torsk


Anlegget inkludert fortøyninger ligger ikke inne i registrerte gytefelt for torsk. Om lag 9 km nord-øst for anlegget er det registrert et lokalt viktig gytefelt for torsk i Surnadalsfjorden. Om



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

lag 11,5 km nord for anlegget er det registrert et lokalt viktig gytefelt for torsk i Trongfjorden. Forholdet til gytefeltene/-områdene er vurdert i eget notat som følger vedlagt søknaden.»

Så finn vi fram dette notatet der det kjem fram søkaren sin vurdering av risikoen for at oppdrettsanlegget og oppdrettstorsken påverkar den ville torskebestanden. Vi les vi på side 20 i dette notatet følgjande;



Skjermdump frå side 20 i vedlegg 12 Ålvund - vurdering av påvirkning villtorsk - sladdet (PDF, 3 MB)

Vi har opplevd mange ulike øvingar der ein prøver å skjule og unndra å leggje fram informasjon om konsekvensane for miljøet ved eit tiltak. Men dette notatet/dokumentet i form av vedlegg 12 der halve dokumentet og det som rører det mest vesentlege, relasjonen mellom oppdrettstorsk og villtorsk, blir SLADDA SVART kan vi ikkje huske å ha opplevd før. Det er jo vanskelegare å finne ei meir openbar sak der ein jfr miljøinformasjonslova krev innsyn i dokumenta.

Vi blir også bekymra når både fylkeskommunen og Tingvoll kommune let sleppe gjennom eit slikt sladda dokument utan eit synspunkt/kommentar/forklaring. Kan det vere rikets sikkerheit for det kan vel ikkje vere personvernet eller bedriftshemmelegheiter kva slags relasjon det er



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

mellom tamme torskar og vill torsk ? Og kva meiner eigentleg desse to offentlege myndigheitene om sjølve søknaden ?

Konklusjon

FNF Møre og Romsdal er djupt bekymra for at etablering av torskeoppdrett i Ålvundfjorden vil føre til utslettelse av villtorsken i fjorden slik som norsk tamlaks har øydelagt dei norske villaksbestandane. **På dette grunnlag rår vi frå å tillate etablering av torskeoppdrett i Ålvundfjorden. Vi ber jfr miljøinformasjonslova om innsyn i heile dokumentet kalla vedlegg 12 i søknaden.**

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal